

«MOTTAKERNAVN»  
«ADRESSE»  
«POSTNR» «POSTSTED»

Dato: 26.09.2017  
Vår ref.: 2015/10280-36  
Saksbehandlar: anjsetr  
Dykkar ref.: «REF»

«KONTAKT»

## **Grunneigarvarsel om arkeologisk registrering med gravemaskin – reguleringsplan for Fv 555 Austefjorden-Kolltveit - Fjell kommune**

Vi viser til oppstart av reguleringsplanarbeid for ny Fv 555 frå Kolltveit i Fjell kommune til Austefjorden i Sund kommune datert 08.10.2015, samt våre brev frå mai 2016 med varsel om arkeologiske registreringar heimla i § 9 i kulturminnelova i samband med planarbeidet.

Dette brevet er sendt heimelshavarar i areal kor vi ønsker å registrere for å avklare om det kan finnast automatisk freda kulturminne under matjorda.

Arkeologar frå Hordaland fylkeskommune vil gjennomføre feltarbeid i planområdet i perioden 16.10.-01.11.17. Vi vil starte på gbnr. 57/6 og 56/4.

Sjå kart på neste side for oversikt over områda som skal undersøkast. Rosa strek markerer undersøkingsområdet, blå strek viser område der vi vil ønske å gjøre registreringer i form av sjakter med gravemaskin

Ved registrering med gravemaskin vil vi avdekke matjord og eventuell annan overdekkande masse ned til undergrunn, vanlegvis i ei breidde på 3-4 m. Lengde, djupne og kor tett sjaktene ligg, vil variere mykje avhengig av topografi og funnsituasjon. Lengda på sjaktene kan til dømes variere frå om lag 10 meter og opptil 50-60 meter eller meir. Djupna på dei einskilde sjaktene er avhengig av kor mykje masse som må fjernast for å komme ned til undergrunnen, erfaring viser at dette kan variere svært mykje. I areal med skrinnt matjord (20-25 cm) er det tilstrekkeleg å fjerne denne, medan i areal med påfylte massar eller eventuelt rasmassar, kan det vere naudsynt å fjerne opptil 3-4 meter masse i djupna. Kor tett sjaktene ligg vil variere med lokal topografi, funnsituasjon og undergrunn, men ein avstand mellom sjaktene på 8 til 15 meter er ikkje uvanleg.


Alle sjakter vert fylt igjen etter at eventuell nødvendig dokumentasjon er utført. Så langt det er praktisk mogeleg vert attfylling utført fortløpande. Særleg djupe sjakter vert prioritert attfylt så raskt som mogleg. Matjord som er fjerna i sjaktene vert lagt tilbake, men oppgravd areal vert ikkje sådd på nytt.

Tiltakshavar, Fjell kommune, er erstatningspliktig for eventuelle avlingstap eller ulemper som følgje av undersøkingane.

Dersom areal vert pakta bort, eller det er andre brukarar av arealet som vert råka av undersøkingane våre, ber vi om at grunneigar orienterer desse. I enkelte områder kan det verte aktuelt å opne opp gjerder for å

skaffe tilgang til område med maskin. Før gjennomføring av maskinelle undersøkingar vil fylkeskommunen innhente opplysningar om nedgravne kablar, rør og grøfter i dei aktuelle areala frå Fjell kommune og andre eigarar av slike anlegg.

Dersom du har kjennskap til nedgravne kablar, rør og grøfter på din eigendom ber vi deg om å ta kontakt med oss, slik at vi kan legge undersøkingane utanom desse.



Dersom ein har spørsmål eller merknader til ovannemnde, er ein velkommen til å ta kontakt med Hordaland fylkeskommune, Kultur- og idrettsavdelinga v/ sakshandsamar Ambjørge Reinsnos, tlf. 55 23 91 72, [Ambjorg.Reinsnos@hfk.no](mailto:Ambjorg.Reinsnos@hfk.no) eller feltkoordinator Monika Serafinska tlf. 55 23 91 80, [Monika.Serafinska@hfk.no](mailto:Monika.Serafinska@hfk.no).

David J. Aasen Sandved  
kst. fylkeskonservator

Anja Nordvik Sætre  
spesialrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*